



Forkynnar Magne Birkedal har sidan 1980 talet vore på talarferd for Norsk Luthersk Misjonssamband.

Magne Birkedal er forkynnar i Norsk Luthersk Misjonssamband. Han har over 200 reisedøger i året og skal dekke område Region Sør Vest som går frå Agder i sør til Hordaland i nord. Ei møteveke på bedehusa går som vanleg frå onsdag til og med søndag. Magne Birkedal har vore minst to gonger i Uskedalen før.

Det har vore godt frammøte til møta på Bedehuset denne veka. Ei møteveke i Uskedalen vert til vanleg skipa til av Misjonssambandet eller Indremisjonssamskipnaden, om lag to gonger i halvåret. I tillegg kjem andre forkynnarar frå andre misjonsorganisasjonar.

Magne Birkedal kjem frå Madla ved Stavanger. Han er 58 år har sidan tidleg på 1980 talet vore fast tilsett i Misjonssambandet. Utdanninga si har han frå bibelskulen på Fjelltnun. I tillegg til vera på talarferd, er han med på bibeltimar i organisasjonen.

I Uskedalen var tekstane henta frå evangelisten Lukas, kap. 18. der ein mellom anna fekk høyra likninga om farisearen og tollaren, to menn med ulike utgangspunkt. Den eine som ein jødisk leiar med fromhet og respekt, den andre med anger og skuld kjensle. Begge er på veg til tempelet for å bed. Tollaren som bad Gud ver meg syndar nådig, var den rettferdige av dei to mennene.

Norsk Luthersk Misjonssamband er ein frittståande misjonsorganisasjon og ikkje eit eige trussamfunn. Misjonssambandet, skipa i 1891 som Kinamisjonen, er i dag den største misjonsorganisasjonen i landet med over 50 000 medlemmer. I 2007 braut dei med Den norske kyrkja, etter at kyrkja opna for tilsetjing av homofilt samlevande i vigsla stillingar.

Møteveka vert avslutta med møte på Seimsfoss i morgon, søndag 10. mars.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal